



| |
|--|
| |
|--|

| | |
|--------------|-----------|
| Arkiv saknr: | 2017/722 |
| Løpenr.: | 8073/2019 |
| Arkivkode: | 223 |

| Utval | Møtedato | Utval Saksnr |
|---------------|----------|--------------|
| Formannskapet | | |

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Søknad om oppstartstilskot - Retro Valve

Vedlegg:

- 1 Vinje Kommune soknad 31mars2019
- 2 Retrovalve Forretningsmodell
- 3 RetroValve Styre og Ressurspersoner
- 4 Retro Valve Driftsbudsjett rev2
- 5 Retningsliner kommunal støtte

Dokument i saka:

Formannskapssak 17/26.

Bakgrunn:

Olav Apeland Haugen fekk for to år sidan innvilga søknaden om etableringstilskot for å arbeide med ein forretningsidé der målsetjinga var gjenbruk av installasjonar i Nordsjøen i nye utbyggingar. I vedlagde søknad blir det gjort greie for arbeidet so langt, og planane for oppstart.

Vurdering:

Det er gledeleg at det ser ut til å nærme seg oppstart for dette selskapet, og at Vinje kommune kan få ein aktør innan sirkulær økonomi¹. I møte med politisk leiing og rådmannen gjorde Haugen greie for det kontaktnett han har i marknaden for å få hand om komponentar som kan vere aktuelle for gjenbruk, og korleis han såg føre seg vidaresal. Vidare fekk me hans vurderingar knytt til økonomisk risiko dersom komponentane likevel ikkje let seg gjenbruke.

¹ I motsetning til lineær økonomi som er basert på at ein utvinner ressursar, produserer, brukar og kvittar seg med dei som søppel eller forbrenning, så er ein sirkulær økonomi basert på gjenbruk, reparasjon, oppussing/forbetring og materialgjenvinning i eit kretsløp kor færrest mogleg ressursar går tapt.

Så er det positivt at Qmatec blir ein sentral medspelar, og deltek med nokre ressursar i samband med oppstart. Likeeins at familien går inn med egne midlar.

Det ein kunne tenkje seg å stille vilkår om i samband med ytterlegare støtte, er meir på budsjett 2020/21 og meir konkret på investeringar knytt til ekspansjon av tilsette.

Med formannskapet sitt vedtak og vurderingar i sak 17/26, og det som no ligg føre frå selskapet, vil rådmannen tilrå at kommunen «fullfører løpet» med Retro Valve og imøtekjem søknaden.

Rådmannens framlegg til vedtak:

| |
|---|
| Formannskapet imøtekjem søknaden med kr 200 000,- som omsøkt, og gjev rådmannen fullmakt til å avtale særskilte vilkår for støtta. |
|---|

Rådmannen, 03.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/